

**Til stades:** Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien - nestleiar Thor  
Hauknes - nestleiar, , Kristian Hanto, Kjellbjørn Karsrud, Silje Solberg,  
Thomas Nilssen

**Frå administrasjonen:** Linda Dyrnes – dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – tilsettes  
representant, Sina Myhr - sakshandsamar

**Tid:** Fredag 24.april kl. 08.00-10.00

**Stad:** Teams

## Referat

**Styresak 2020/26 Innkalling og sakliste**

**Styresak 2020/27 Dextra-søknad for tre nye år**

**Styresak 2020/28 Innspel om digital Landskappleik og andre idear for digital  
formidling i koronaens tid.**

**Styresak 2020/29 Eventuelt**

### **Styresak 2020/26 Innkalling og sakliste**

*Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.*

### **Styresak 2020/27 Dextra-søknad for tre nye år**

*Vedtak:*

*FolkOrg sender inn to søknadar til Dextra Musica. Ein om vidareføring av rekrutteringsstønad, og ein om stønad til prosjekt for unge musikalske leiarar. Vi tek kontakt med Dextra Musica for å sikre at det å søke om to prosjekt, ikkje gjer at rekrutteringsprosjektet får mindre tilskot.*

### **Styresak 2020/28 Folkemusikkssending**

*Framlegg til vedtak:*

*FolkOrg skal ikkje arrangere nett-kappleik, men stiller seg svært positivt til at andre aktørar lagar kappleikar, då utan å kalle kappleikane for Landskappleiken. FolkOrg kan gi same hjelp til digitale kappleikar som til lokalkappleiker, som er rådgjeving, tilgang til kappleiksadmin og at vi deler informasjon om det.*

*Styret ber administrasjonen om å arbeide fram ein prosjektplan som inkluderer økonomi og samarbeidspartnarar. Når dette er på plass, fortrinnsvis i løpet av medio mai, vil styret i FolkOrg kunne ta den endelege avgjersla på om vi skal lage ei slik sending, og kva økonomisk nivå vi eventuelt kan leggje sendinga etter. Dette gjer vi i samarbeid med Fabelaktiv. Administrasjonen har fullmakt til å sende søknad til Kulturrådet, og eventuelle andre tilskotsytarar.*

### **Styresak 2020/29 Eventuelt**

*Dagleg leiar orienterte kort:*

- FolkOrg er vertskap for «Hele Norge synger» førstkommande sundag. Det er Ingebjørg Lognvik Reinholdt og Hilde Fjerdingsøy som leier allsangen. Viktig at alle deler arrangementet.
- Vi har lage ei rekke filmar i samarbeid med Fabelaktiv; ein med No livnar det i lundar, der ei rekkje folkesongarar syng, og fem med ulike vinnarar frå LK og LF i fjor.
- Det er ei rekke ting å følgje opp som eit resultat av korona-situasjonen. Det er ei rekke spørjeundersøkingar for å få grunnlagsinformasjon til politisk påverknad. Det er tiltakspakkar og informasjon som skal forståast og formidlast vidare.

- Vi må byrje å tenkje på kva vi skal gjere med Folkelarm og Meisterkonserten til hausten. Det blir sak i møtet 4.juni.